



Notat

Dato: 24.05.2017
Arkivsak: 2014/13889-68
Saksbehandlar: lisadla

Til: Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU)

Frå: Fylkesrådmannen

Arbeidet med *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021*

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg er ein fireårig plan som gjev ei samla framstilling av mål og tiltak innanfor trafikksikringsarbeidet i Noreg. Slike planar har vore utarbeidd sidan planperioden 2002-2005, og arbeidet med tiltaksplanen har utvikla seg til å bli ein viktig arena for samarbeid mellom dei ulike aktørane i trafikksikringsarbeidet. I tiltaksplanen for perioden 2014-2017 vert trafikksikringsarbeidet til Statens vegvesen, politiet, Trygg Trafikk, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, fylkeskommunane, sju storbykommunar, Forsvaret, Arbeidstilsynet og 19 ulike interesseorganisasjonar omtalt.

I Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029 står det at: *Statens vegvesen vil lede arbeidet med «Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021». Planen skal gi en samlet framstilling av hvordan de ulike aktørene i trafikksikkerhetsarbeidet sammen skal bidra til å sikre at vi er på rett kurs. Det vil også bli satt mål for tilstandsutviklingen innenfor områder av stor betydning for trafikksikkerheten, for eksempel overholdelse av fartsgrenser og bruk av bilbelte.*

I Meld. St. 40 (2015-2016) *Trafikksikkerhetsarbeidet – Samordning og organisering* vert tiltaksplanen for trafikksikring omtalt som det sentrale dokument for å sikre god samordning mellom aktørane i trafikksikringsarbeidet.

Arbeidet med *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* er no starta opp. Statens vegvesen ved Vegdirektoratet leiar arbeidet, etter oppdrag frå Samferdselsdepartementet. Planen skal etter gjeldande framdriftsplan overleverast til Statsråden i februar 2018. Hausten 2017 vil eit utkast til plan verte sendt på høyring til fylkeskommunane, med høve for fylkespolitisk handsaming.

I NTP (2014-2017) er det sett eit mål om 500 drepne og hardt skadde innan 2024. Desse måltala er fordelt utover fylka, slik at kvart fylke har sine måltal som er nærmere omtalt i den nasjonale tiltaksplanen. I kommande planperiode vert det lagt opp til eit mål om 350 drepne og hardt skadde innan 2030.

Tiltaksplanen skal innehalde:

- Omtale av nullvisjon og etappemål innan trafikksikring.
- Omtale av tilstandsmål og nødvendige tilstandsendringar for å oppnå færre drepne og hardt skadde.
- Samla omtale av planlagte trafikksikringstiltak i fireårsperioden.

Fylkeskommunane har ei svært sentral rolle i trafikksikringsarbeidet i Noreg, og ga viktige bidrag inn i arbeidet med tiltaksplanen for 2014-2017. Det er avgjerande at alle fylkeskommunane deltek i arbeidet med tiltaksplanen for 2018-2021, og at det viktige trafikksikringsarbeidet som fylkeskommunane gjer vert synliggjort.

I gjeldande plan (2014-2017) har kvar av fylkeskommunane sin eigen omtale, med sine prosjekt og satsingsområder. I kommande plan er dette endra, og planen tek no i større grad utgangspunkt i fokusområda. Dette inneber at tiltaka til fylkeskommunane, storbykommunane og interesseorganisasjonane vert omtalt saman med dei nasjonale aktørane sine tiltak.

Samferdselssjefane har valt Gro Solberg (Samferdselssjef i Buskerud fylkeskommune) til å representere fylkeskommunane i styringsgruppa for arbeidet med tiltaksplanen, medan Lise F. Ådlandsvik frå Hordaland fylkeskommune representerer fylkeskommunane i arbeidsgruppa. Ho har ansvaret for prosessen mot alle fylkeskommunane, og koordineringa av fylkeskommunane sine bidrag.